

109554-102

# Kven tok jødeformuane?

Vårt Land 12/1-96

Det jødiske samfunnet i Noreg vonar at Justisdepartementet for alvor vil jakta på sanninga om dei jødiske formuane som vart inndregne av Quisling under krigen og aldri kom tilbake til eigarane.

Av Johannes Morken  
Vårt Land



Hundrevis av jødar måtte rømme landet under krigen, anten via svenskegrensa (biletet) eller over Nordsjøen. Dei heldige som fekk vende heim då freden kom måtte eit nytt problem: dei kom heim til tomme bus og bankkonti.

**I** GÅR inviterte departementsråd Rakel Surlien Det Mosaiske Trossamfund til eit møte der dei saman kan diskutera korleis dei skal gå fram. – Vi vil gå inn i ei konkret vurdering av omfanget av problemet. Men dette er eit komplisert og omfamnande arbeid, seier departementsråd Rakel Surlien til Vårt Land.

Store verdjar som Quislingstyret inndrog frå jødar som skulle utryddast, vart rett og slett borte under krigen. Medan jødane måtte flykta eller gjekk i gasskammeret, vart eigendelane deira aukasjonerte bort – til nazistar, «gode nordmenn» og NS-organisasjonar. Svært lite kom tilbake til eigarane etter krigen.

**Ein halv milliard**

– Dei inndregne jødiske formuane kan vera så store som ein halv milliard kroner, seier historikaren Bjarte Bruland til Vårt Land. Dette er ifølgje han eit varsamnt overslag.

Dette er ei side ved den norske krigshistoria som i minimal grad har interessert norske historikarar. Når så Bjarte Bruland i vår leverte ei hovudoppgåve om forsøket på å utsletta norske jødar, var det eit historisk nybrottsarbeid.

I oppgåva inkluderte han også ein studie av freistnaden på å fjerna alle fysiske spor etter jødane og spreia alle verdiane deira.

Stortingsrepresentant Petter Thomassen, leiar i kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget, bad etter eit oppslag i Dagens Næringsliv i mai i fjor, Justisdepartementet granska kva som faktisk skjedde med jødiske eigendelar. Departementet har sidan i haust vurdert kva som kunne gjerast.

11. september i fjor hadde Justisdepartementet og Utanriksdepartementet eit møte med representantar for World Jewish Congress (Den jødiske verdskongressen). Der vart norske styresmak-

ter oppmoda om å samarbeida med norske jødar i jakta på sanninga. Ein rapport frå Den jødiske verdskongressen (WJC) skapte i går nyhende i radio og aviser.

I går kom den fyrste avklaringa: No skal departementet møta dei i Det Mosaiske Trossamfund som jaktar på sanninga. Trussamfunnet sette i sommar i gang eit eige arbeid for å skaffa fram fakta og gje kunnskap til departementet. Det skjedde etter ein avlorande artikkel i Dagens Næringsliv. Arbeidet er leia av Berit Reisel. Med seg har ho mellom andre Bjarte Bruland som grev vidare i kva som etter krigen skjedde med dei jødiske formuane.

**Har berre skrapa i overflata**

– Her har vi forebels berre skrapa i overflata, seier Bruland.

Historieprofessor Magne Skodvin seier at store delar av verdiane rett og slett vart borte i løpet av krigsåra etter at «Likvidasjonsstyret for inndratte jødiske formuer» avhenda verdiane. Han seier til NTB at saka viser kor grov den norske nasjonalsosialistiske antisemittismen var.

I mai 1945 vart det oppretta eit Tilbakeføringskontor for formuarar som var inndregne frå alle nordmenn. Dette kontoret arbeidde i kring tre år. Det vart gjennomført eit erstatningsoppgjer, men langt frå alle nordmenn av ulikt opphav fekk tilbake det dei eigde.

– Ingen veit kor mykje pengar som vart utdelt, eller kor mange menneske som fekk vederlag, kon-

standar var forsvunne. – Det var vanskeleg å spora dei opp, seier Skodvin.

Han meiner at Tilbakeføringskontoret jobba under vanskelege vilkår, då arkiva etter NS-styret var kaotiske. Mange nordmenn leita etter krigen i antikvariat, aukasjonsforretningar og private hus.

Berit Reisel, som leier det jødiske oppsporingsarbeidet mellom anna i Riksarkivet, seier også at overlevande jødar møtte holdningar som at «du skal vera glad du overlevdes».

Dei fekk også høyra at jødar var så materialistiske. Men også ho legg vekt på at det var komplisert å spora opp tapte formuar. Etter det fyrste etterkrigsåra gav folk opp.

Bjarte Bruland konstaterer at Tilbakeføringskontoret ikkje tok omsyn til at jødane var utsette for eit forsøk på total utsletting. Kontoret handsama alle 11.000 som hadde tapte verdjar, likt.

– Det ville på den eine sida vera i strid med rettsradisjonen å ta utgangspunkt i at jødane var i ein særskilt situasjon. På den andre sida var det eit faktum at jødane nettopp var det på grunn av forsøket på å utsletta dei, seier Bruland.

**Kom tilbake til ribba hus**

Mange kom tilbake til ribba hus og forretningar etter krigen. Eigendelar som familien hadde hatt i artier, var kjøpte av andre. Ikkje alle tok opp kampen for å få sitt tilbake.

– Dei som overlevde og kom tilbake enten frå konsentrasjonsleir eller frå eit tilvære som flyktingar, konsentrerte seg den gongen om å starta på nytt. Dei

ville etablere nye liv. For mange var det tungt å ta opp kampen om verdjar som ikkje kom til rette. Dei møtte lita forståing og hadde ikkje krefter til å kjempa, seier Robert Katz, formann i Det jødiske samfunnet.

– Dei siste åra har folk opplevd at dei har kunna reisa spørsmålet på nytt. Men om få år er det ingen tilbake av dei som overlevde, og då vert det endå vanskelegare å få fram viten, seier Katz.

Departementsråd Rakel Surlien vil ikkje no kommentera korvidt det kan vera aktuelt å syta for tilbakeføring av gjenstandar eller verdjar som kom på andre hender under krigen – om tapte verdjar i det heile no let seg oppspora.

Robert Katz og Anne Sender dreg neste veke til Jerusalem for å delta på WJC sin store kongress. Kvartjerde år møtest jødiske leiarar frå heile verda. Mellom anna skal det denne gongen leggjast fram ein rapport om kampen for å tilbakeføra jødiske verdjar.

Til no har WJC konsentrert seg om Aust-Europa, særleg Ungarn, og Frankrike. No er også Noreg kome på lista.

**Uinterreserte historikarar**

Bjarte Bruland, som har grave i historia, må konstatera at norske jødar og Holocaust er eit tema som i liten grad har interessert det historiske fagmiljøet.

– Mykje fokus har vore sett på Heimefronten. Ein annan krins har sett søkelyset på NS-miljøet. I denne spenninga er lagnaden for jødane eit lite interessant tema: Det har vore forska svært lite. Eg har møtt større interesse utanfor det historiske fagmiljøet enn innanfor, seier Bruland.

staterer Bjarte Bruland. Mange fremja aldri noko krav. Av dei som kontakta kontoret, var det mange som berre fekk småsummar, seier rapporten frå Den jødiske verdskongressen.

**Fekk tilbake 10 prosent**

Bjarte Bruland seier at jødiske forretningsdrivande truleg berre fekk tilbake ti prosent av verdiane sine. Mykje av dei inndregne bankinnskota var gått tapt. Måleri, smykke og andre verdigjen-

B E S L A G

61kr. 4. 1pnr. 9-4747.

**Spørreskjema for jøder i Norge**

Faste eiendommer: \_\_\_\_\_

Forretninger: \_\_\_\_\_

Løssøre, beroende i: \_\_\_\_\_

Biler og/eller båtar \_\_\_\_\_

Hvor oppbevart: \_\_\_\_\_

Verdipapirer, antall (som straks er: \_\_\_\_\_

b) Obligasjoner \_\_\_\_\_ c) Gjeldsbrev \_\_\_\_\_

d) Bankbøker \_\_\_\_\_ f) Andre kvitteringer \_\_\_\_\_

Andre verdisaker, antall (som straks medtas). Også det som er i bruk: Snykker \_\_\_\_\_ Uinnfattede stoner \_\_\_\_\_ Lomme- og armbåndsur \_\_\_\_\_ Sedlar, gull- og sølvmynt \_\_\_\_\_

(Bare det som oppbevares på bopell) \_\_\_\_\_

Oslo den 26. oktober 1942

Alf Goldwasser 137 Goldwasser, Alf Abel

skredders underskrift Skredder Abel

23/10-22 Att. 23/10-42

**Inndraging av jødiske formuer under krigen**

26. oktober 1942 vedtok Quislingstyret ei lov om inndraging av all jødisk formue. Paragraf 1 i lova lyer slik: «Formue av enhver art som tilhører jøde som er norsk statsborger, eller jøde uten statsborgerrett som oppholder seg her i landet, inndras til fordel for statskassen. Det samme gjelder formue tilhørende ektefelle og barn». I alt vart 1179 personar offer for avgjerder om å inndra eigedom, eigendelar og andre verdjar. (VL)

Skjemaveldet under inndraging av jødiske formuer. Alle arresterte jødar fekk eit slikt «Spørreskjema for jøder i Norge». Her stod og eit kapittel om beslag av eigendeler. Men som ein ser er utfyllinga frå NS-tenestemannen svært mangelfull, ein strek er alt som står... Legg òg merke til at dette skjemaet er fylt ut 26. oktober 1942, same dagen lova vart vedteken av NS-styret og iverksatt.